

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016
Hordaland fylkeskommune.

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Plan for forvaltningsrevisjon	3
1.2 Risiko- og vesentleganalyse	3
2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012-2016	4
2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe	4
2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe	6
3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon	8
4. Gjennomføring og rapportering	8

1. Innleiing

I følgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnadar (forvaltningsrevisjon)¹. Kva forvaltningsrevisjons-prosjekt fylkeskommunen ønskjer å gjennomføre skal framkome i ein plan for forvaltningsrevisjon.

Planen er basert på ein overordna analyse av verksemda til fylkeskommunen.

1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»²

1.2 Risiko- og vesentleganalyse



Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen er å framskaffe relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser "risiko" til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til døme regelverk, mål, vedtak og andre føringar som fylkeskommunen har satt for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av fylkeskommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.³

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalget

² Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

³ For en nærmere presentasjon av overordnet analyse, se "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengelig på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i fylkeskommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i fylkeskommunen.

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda innanfor dei ulike sektorane i fylkeskommunen. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012-2016

Under følgjer prosjekta som er prioritert i tråd med risiko- og vesentleganalysen.

Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i tråd med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einsskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe

Prioritet	Prosjekt	Tema
1	Forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga	- I kva grad har fylkeskommunen etablert ein einskapleg personalforvaltning knytt til mellom anna rekruttering, medarbeidarsamtalar, oppseiingar og handtering av vanskelege saker?
2	Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging	- I kva grad har fylkeskommune etablert eit tilfredsstillande system for vedtaksoppfølging?
3	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skule og skuleeigar	- I kva grad er det etablert gode rutinar for samhandling mellom skule og skuleeigar? - I kva grad er delegasjonar og fullmaktstruktur føremålstenleg? - I kva grad er det etablert tilstrekkeleg med styrande dokument og kvalitetssystem?

<p>4 Forvaltningsrevisjon av økonomistyring</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad har fylkeskommunen etablert gode rutinar for økonomiforvaltning med fokus på risiko for budsjettoverskridingar knytt til t.d. <ul style="list-style-type: none"> o Kollektivtransport o Spesialundervisning
<p>5 Forvaltningsrevisjon av fagopplæringa</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad er det etablert system og rutinar for oppfølging av lærlingar? - I kva grad får lærlingane tilstrekkeleg med oppfølging?
<p>6 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga innanfor kulturområde</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad har fylkeskommunen etablert system og rutinar for tilskotsforvaltning, herunder forvaltning av EU midlar? - I kva grad sikrar fylkeskommunen at måla med tilskota blir nådd?
<p>7 Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar (RUP)</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad oppnår tiltaka som får regionale utviklingsmidlar ønska effekt?
<p>8 Forvaltningsrevisjon av internkontrollsystem og HMT arbeid i fylkeskommunen</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad har fylkeskommunen etablert eit tilfredsstillande internkontrollsystem i tråd med regelverket? - I kva grad har fylkeskommunen etablert gode HMT rutinar og korleis blir avvik registrert, rapportert og følgt opp? Dette gjeld spesielt skulane.
<p>9 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad har fylkeskommunen etablert eit tilfredsstillande system for prosjektstyring?
<p>10 Forvaltningsrevisjon av inntektskontroll knytt til skyss og billetteringssystem</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad har fylkeskommunen oversikt over tap av inntekter som følgje av sviikt i billetteringssystemet, og kva blir gjort for å sikre denne inntekta?
<p>11 Forvaltningsrevisjon av fylkeskommunen sitt rusførebyggjande arbeid.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad arbeider dei vidaregåande skulane med rusførebyggjande arbeid?
<p>12 Forvaltningsrevisjon av offentlige innkjøp</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad blir regelverket for offentlige innkjøp etterlevd? - I kva grad blir fylkeskommunen sine rammeavtalar etterlevd?

<p>13 Forvaltningsrevisjon av innføring av nye datasystem</p>	<p>- I kva grad oppnår fylkeskommunen ønska effektivisering og profesjonalisering ved innføring av nye IKT system?</p>
<p>14 Forvaltningsrevisjon av kompetanse og vidareutdanning av lærarar</p>	<p>- I kva grad har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar tilstrekkeleg kompetanseutvikling og vidareutdanning av lærarar i vidaregåande skular?</p>
<p>15 Forvaltningsrevisjon av forvaltninga av kunst og verdifulle gjenstandar som er i fylkeskommunal eige</p>	<p>- I kva grad har fylkeskommune god oversikt over kva kunst og verdifulle gjenstandar fylkeskommune eig og kor desse er plassert?</p>

2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe

Prosjekt	Tema
<p>Forvaltningsrevisjon av KOSTRA rapporteringa</p>	<p>- I kva grad rapporterer fylkeskommunen korrekte tal til KOSTRA?</p>
<p>Forvaltningsrevisjon av beredskapsarbeid i vidaregåande skular</p>	<p>- I kva grad er det etablert system og rutinar for beredskapsarbeid i dei vidaregåande skulane?</p> <p>- I kva grad blir system og rutinar etterlevd ved dei ulike skulane?</p>
<p>Forvaltningsrevisjon av vurderingsarbeidet i vidaregåande skular</p>	<p>- I kva grad har fylkeskommunen etablert gode rutinar for vurderingsarbeid?</p> <p>- I kva grad ivaretek fylkeskommunen elevane sin rett til eigenvurdering?</p> <p>-</p>
<p>Forvaltningsrevisjon av system for leing og verksemdstyring</p>	<p>- I kva grad har fylkeskommune etablert eit tilfredsstillande system for målstyring?</p>
<p>Forvaltningsrevisjon av arbeidet med å redusere bruk av deltidsstillingar</p>	<p>- I kva grad har fylkeskommune sett i verk tiltak for å redusere delen av deltidsstillingar i fylkeskommunen?</p> <p>- I kva grad er deltidsstillingane frivillig eller ufrivillig?</p>
<p>Forvaltningsrevisjon av bruk av vikarar og vikarbyrå</p>	<p>- Kva system og rutinar har fylkeskommunen for bruk av vikarar?</p> <p>- I kva utstrekning blir vikarbyrå brukt?</p>

Prosjekt	Tema
Forvaltningsrevisjon av kontraktsoppfølging	- I kva grad har fylkeskommunen system og rutinar for kontraktsoppfølging?
Forvaltningsrevisjon av budsjettmodell for vidaregåande skular	- I kva grad fungerer budsjettmodellen for vidaregåande skular i samsvar med intensjonen?
Forvaltningsrevisjon av retten til eit fjerde og femte skuleår	- I kva grad har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar at retten til eit fjerde og femte skuleår blir ivareteke?
Forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege elevar	- I kva grad får minoritetsspråklege elevar den oppfølging dei har krav på i vidaregåande skular?
Forvaltningsrevisjon av arbeidsmiljø på vidaregåande skular	- I kva grad blir krav arbeidsmiljø etterlevd ved dei vidaregåande skulane?
Forvaltningsrevisjon av samhandling og rapportering innanfor samferdsel	- I kva grad er det etablert gode system og rutinar for rapportering og samhandling mellom einingane innanfor samferdsel?
Forvaltningsrevisjon av fylkeskommunal støtte til kollektivtransport	- I kva grad er fylkeskommunen sin støtte til kollektivtransport i samsvar med regelverket?
Forvaltningsrevisjon av skuleskyssordninga	- I kva grad har fylkeskommunen ei skuleskyssordning som er føremålstenleg og i tråd med regelverket?
Forvaltningsrevisjon av TT ordninga	- I kva grad har fylkeskommunen ei TT ordning i samsvar med mål og regelverk?
Forvaltningsrevisjon av universell utforming av kollektivtilbodet	- I kva grad blir kollektivtilbodet utforma i samsvar med krav til universell utforming?
Forvaltningsrevisjon av kompensasjonsordning for auka arbeidsgjevaravgift	- I kva grad bidreg tiltaka som blir støtta at kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevar effekt?

Prosjekt	Tema
Forvaltningsrevisjon av Folkehelsearbeidet	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad følgjer fylkeskommune opp ansvaret for folkehelse i samsvar med forvaltningsreforma? - Korleis fungerer samhandlinga med kommunane? - I kva grad inneheld partneravtalane med kommunane tydelege og etterprøvbare mål?
Forvaltningsrevisjon av forvaltning av kontantstrømmar	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad har fylkeskommunen tilfredsstillande system og rutinar for forvaltning av kontantstrømmar?

3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei ein skilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapeleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Mogelege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

4. Gjennomføring og rapportering

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁴ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei ein skilde prosjekta.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon blir lagt fram for fylkestinget. I tråd med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet utarbeide ein rapport til fylkestinget om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og om resultatane av desse. Kontrollutvalet oppfyller dette rapporteringskravet gjennom si årlege melding til fylkestinget om utvalet si verksemd. Det er også kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at fylkestinget sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgde opp.

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei ein skilde prosjekta. Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til fylkestinget i kontrollutvalet si årsmelding.

⁴ Normer og standarder som forvaltningen blir vurdert i opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2011 Deloitte AS